



23 av dei 25 konfirmantane samla på bedehustrappa. Med to unntak har dei hatt undervisninga i Uskedalen denne gongen og slik blir det kanskje også neste år? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**No er det like før den store konfirmasjons-dagen i bygda.
25 blir konfirmert i Uskedal kyrkje søndag føremiddag, men er konfirmantkullet i år rekordstort?**

- Det kan eg ikkje svara sikkert på, men det har nok vore fleire før, seier sokneprest Sven Harald Nilsen til uskedalen.no.

Under eit raskt gjennomsyn av bøkene finn han ut at det høgste talet tidligare ”i nyare tid” var 22 i 1986. Variasjonane er svært store, for i fjor var talet rekordlågt med berre fire konfirmantar.

Thor Inge Døssland har gått tilbake i tid og funne ut at ein må heilt til 1933 for å finna eit kull som er større enn det i 1986, I 1933 var det 24 konfirmantar. Han vil ikkje utelukka at kullet i år er det største sidan Uskedalen fekk si eige kyrkja i 1914.

Ellers er det vanleg at ein delar kullet i to når det er så mange.

- Det er for at så mange som mogeleg skal få plass i kyrkja, seier soknepresten, som skal konfirmera ni klokka 10 og 16 klokka 12.

Fordelinga mellom dei to gruppene er slik:

Klokka 10:

Birger Bauge, Silje Bråtun, Siv Hanne Kjærland, Ingeborg Haugland Lunde, Gaute Moberg, Aleksander Rebaudo, Torbjørn Steinsvik, Benjamin Taranger og Karsten Tungesvik.

Klokka 12:

Vegard Døssland, Anders Rød Eidsvik, Thomas Halvorsen, Carina Totland Hansen, Birgitte Hjelmeland, Julie Grønstad Myklebust, Monica Helen Sæle Kårstad, Ida Telstø Legland, Kristine Ludvigsen, Silje Myklebust

Mathiesen, Ellen Karin Moen, Dag Rune Myklebust, Andreas Saghaug, Anette Kyrkjeide Sandnes, Ingvill Traavik Sture og Margareth Sæle.

Av Ola Matti Mathisen



I fjor var det berre fire konfirmantar i Uskedalen, så variasjonane er store.